



Innkalling til Administrasjonsutvalet

Møtedato: 04.06.2014
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00

Medlemene i Administrasjonsutvalet vert med dette kalla inn til møte. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart som råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem kan verta innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
06/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
07/2014	Godkjenning av møtebok frå møte 19.03.2014
08/2014	Referatsaker
09/2014	Ny arbeidsgjevarstrategi - "Skodd for framtida"
10/2014	Saman om ein betre kommune - vurdering av gjennomførte tiltak 2013

25. mai 2016

Lars L Barstad
møteleiar

Kathrine Straumøy Brakstad
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kathrine Straumøy Brakstad		14/2505

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2014	Administrasjonsutvalet	PS	04.06.2014

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kathrine Straumøy Brakstad		14/2505

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
07/2014	Administrasjonsutvalet	PS	04.06.2014

Godkjenning av møtebok frå møte 19.03.2014

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kathrine Straumøy Brakstad		14/2505

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
08/2014	Administrasjonsutvalet	PS	04.06.2014

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
08/2014.1	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.14
08/2014.2	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.2014
08/2014.3	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.2014
08/2014.4	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.2014
08/2014.5	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.2014
08/2014.6	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.2014
08/2014.7	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.2014
08/2014.8	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.2014
08/2014.9	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.2014
08/2014.10	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 13.03.2014
08/2014.11	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 18.03.2014
08/2014.12	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 18.03.2014
08/2014.13	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 18.03.14
08/2014.14	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 22.04.2014
08/2014.15	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 22.04.2014
08/2014.16	Protokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.04.2014
08/2014.17	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 22.04.2014
08/2014.18	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 22.04.2014
08/2014.19	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 22.04.2014
08/2014.20	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 22.04.2014
08/2014.21	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 22.04.2014
08/2014.22	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 29.04.2014
08/2014.23	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 29.04.2014
08/2014.24	Protokoll frå administrativ tilsetjing 29.04.14
08/2014.25	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 06.05.2014

08/2014.26	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 06.05.2014
08/2014.27	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 06.05.2014
08/2014.28	Protokoll frå administrativ tilsetjing 07.05.2014
08/2014.29	Protokoll frå administrativ tilsetjing 07.05.2014
08/2014.30	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 14.05.2014
08/2014.31	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 14.05.2014
08/2014.32	Protokoll frå administrativ tilsetjing 19.05.2014
08/2014.33	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 20.05.2014
08/2014.34	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 20.05.2014
08/2014.35	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 20.05.2014
08/2014.36	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 20.05.2014
08/2014.37	Protokoll frå møte i tilsetjingsutvalet 20.05.2014

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen		14/2147

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2014	Administrasjonsutvalet	PS	04.06.2014

Ny arbeidsgjevarstrategi - "Skodd for framtida"

Vedlegg:

Ny arbeidsgjevarstrategi Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune står framfor store utfordringar i framtida. Dette handlar m.a. om den demografiske utviklinga, både når det gjeld innbyggjarar og dei som jobbar i kommunen; - det handlar om Meland kommune som ein vekstkommune og om krav/forventningar til dei tenestene kommunen skal levere.

Ny arbeidsgjevarstrategi (AGS) skal vere eit overordna styringsdokument som tar opp i seg desse utfordringane, og som gir retning for utarbeiding av ulike handlings- og tiltaksplanar innan personalfeltet. Dette kan gjelde både for dokument som vert utarbeidde sentralt i kommunen og som gjeld for alle tenesteområda, og for dokument/planar som vert utarbeidde lokalt på det enkelte tenesteområde.

Dokumentet peiker på to hovudutfordringar:

- a. Evne til å rekruttere, utvikle og behalde medarbeidarar
- b. Evne til utvikling og nyskaping

Prioriterte innsatsområde er såleis:

- A: Rekruttere utvikle og behalde
- B: Leiarskap
- C: Nyskaping

Ny AGS er elles eit delprosjekt under Saman om ein betre kommune.

Prosess

Den partssamansette arbeidsgruppa vart vedtatt etablert i administrasjonsutvalet 13.02.13. Det tok noko tid å få plass alle medlemmene i gruppa, og arbeidet kom ikkje i gang før fram mot sommaren. I oktober 2013 hadde gruppa ferdig det første utkastet, der ein hadde jobba med utgangspunkt i KS sin arbeidsgjevarstrategi *Stolt og unik*. På dette tidspunktet kom det signal om at KS var i ferd med å lansere ein revidert arbeidsgjevarstrategi. Arbeidsgruppa valde då å vente til denne vart publisert etter årsskiftet 2013/14. Det opphavlege lokale utkastet vart difor noko omarbeidd og revidert med grunnlag i KS sin «Skodd for framtida.»

Leiargruppa jobba med det nye utkastet i møtet sitt 17. 02. 14, og moment frå gruppearbeidet her er tatt inn i dokumentet. Det vil også vere aktuelt å ta inn fleire konkrete tiltak i dei handlingsplanane som skal utarbeidast med grunnlag i strategidokumentet. Arbeidstakarorganisasjonane har fått informasjon om arbeidet i kontaktmøta.

Vurdering

Administrasjonen meiner at den lokale arbeidsgjevarstrategien «Skodd for framtida» vil vere eit tenleg dokument i høve dei utfordringane kommunen står overfor.

Folkehelse

Ikkje relevant i denne saka.

Miljø

Ikkje relevant i denne saka.

Økonomi

Strategidokumentet i seg sjølv inneheld ikkje moment av økonomisk karakter. Tiltaks- eller handlingsplanar som vert laga med grunnlag i strategidokumentet skal vere i samsvar med dei budsjettvedtak som til ei kvar tid gjeld.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering vil administrasjon rå til at administrasjonsutvalet godkjenner den lokale arbeidsgjevarstrategien «Skodd for framtida», slik denne ligg føre i saka.

Framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet godkjenner den lokale arbeidsgjevarstrategien «Skodd for framtida», slik dokumentet ligg føre i saka.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 031	14/1802

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2014	Administrasjonsutvalet	PS	04.06.2014

Saman om ein betre kommune - vurdering av gjennomførte tiltak 2013

Saksopplysningar:

Administrasjonsutvalet handsama i møtet 19.03.14 årsrapport 2013 for Saman om ein betre kommune. Det vart då bedt om at administrasjonen kom tilbake med ei vurdering av dei ulike tiltaka. Prosjektgruppa hadde dette oppe som sak i møtet sitt 04.04.14, og drøftingane der dannar såleis grunnlag for dei vurderingane som no vert lagt fram for adm. utvalet/styringsgruppa.

Tiltak:	Vurdering - prosjektgruppa
Utarbeide informasjonsplan.	Planen tener føremålet. Konkrete tiltak i tiltaksdelen er realistiske i høve tilgjengelege ressursar. Dei aller fleste tiltaka er gjennomførte, medan nokre framleis er i gjennomføringsfase.
Etablere kommunal Facebookside.	Har fått god respons frå publikum. Er tenleg som supplerande informasjonskanal og vil vere viktig for kommunen, t.d. i ein krisesituasjon. Mediet har sterk gjennomslagskraft, noko KKL (kommunal kriseleing) erfarte under beredskapsøvinga i november 2013. Det er m.a. svært viktig å vere overtydeleg på øvingsaspektet, slik at publikum ikkje misforstår den informasjonen som vert lagt ut.
Etablere intranett	Interkommunalt samarbeidsprosjekt i førebuingfase. Tiltaket har tatt noko lengre tid å gjennomføre enn det som var planlagt. Har p.t. ikkje grunnlag for ytterlegare evaluering.
Ny nettside	Interkommunalt samarbeidsprosjekt. Den nye løysinga fungerer godt som verkty og plattform, men sjølve utforminga vart ikkje heilt vellukka, sett frå Meland kommune sitt perspektiv. Det er imidlertid starta opp eit omleggingsarbeid som skal gi ei meir

publikumsvennleg utforming, der det m.a. skal bli lettare å finne fram til den informasjonen ein leiter etter.

Tiltak:	Vurdering – prosjektgruppa
Informasjonsbrosjyre	Har fått positive tilbakemeldingar på sluttproduktet. Brosjyren er reklamefinansiert og finst både i papirutgåve og digital utgåve. Alle kommunale e-postsignaturar har link til brosjyren.
Spørjetime i kommunestyret	Publikum har vist interesse for tiltaket, og det har kome inn fleire spørsmål til ordførar. Det kan vere grunnlag for å sjå litt meir på sjølve reglementet for tiltaket (vedlegg til informasjonsplanen).
Kortversjon av kommunestyresaker	Er ein metode for å gjere politiske saker lettare tilgjengeleg for publikum. Tiltaket blir vektlagt i Kommunekompasset under lokaldemokrati-dimensjonen.
Møteplass ordførar/innbyggjarar	Har vore gjennomført, utan at frammøte frå publikum har vore svært stort. Ordførar vurderer alternativ møteplass, t.d. i ein annan del av kommunen enn Frekhaug.
Kommunestyret har møte ute i kommunen.	Hadde eitt slikt møte i 2013. Det var då mykje publikum til stades. Tilsvarande møte er under planlegging våren 2014.
Informasjonsmøte med nye innbyggjarar	Vil bli gjennomført i samband med høyringsprosess på kommuneplanen.
Informasjonsmøte med nytilsette	Har vore gjennomført to gongar årleg over eit par år og fungerer greitt etter føremålet.
Delprosjektet etisk kompetanseheving	Er starta opp for tenesteområda innan helse og omsorg. Implementeringa ha tatt noko lengre tid enn planlagt, men er no godt i gang, m.a. med 13 etikk-kontaktar fordelt på ulike avdelingar. Det er laga eigen årsrapport på dette delprosjektet.
Delprosjektet Ny arbeidsgjevarstrategi	Viser til eiga sak i administrasjonsutvalet.

Leiarutviklingsprogram del 1	Det har vore nytta ekstern kursleverandør, og programmet har vore finansiert gjennom bruk av OU-midlar. Det har vore gode tilbakemeldingar frå tenesteområdeleiarane på innhald og gjennomføring. Del 2 er under planlegging.
------------------------------	---

Tiltak:	Vurdering – prosjektgruppa
Temasamlingar for kommunestyret, administrasjon og tillitsvalde.	Prosjektgruppa vurderer dette som ein viktig møteplass, i tråd med treparts samarbeidet, som er ein svært føresetnad for Saman om ein betre kommune.
Kvalitetsutvikling /tenestestandardar	Tiltaket er i ein innleiande planleggingsfase. Gjennomføring vil krevje ressursar i form av tidsbruk for tenesteområdeleiarane og prosjektgruppa.

Vurdering

Folkehelse

Ikkje relevant i denne saka.

Miljø

Ikkje relevant i denne saka.

Økonomi

Alle tiltak med økonomiske konsekvensar er gjennomførte innan vedteken budsjettamme.

Konklusjon

Administrasjonen vil rå til at administrasjonsutvalet tar vurderingane frå prosjektgruppa til orientering.

Framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet tar vurderingane frå prosjektgruppa til orientering.